

SPRÅKUTVIKLING

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagen sitt innhald.

I Farkvamen barnehage legg personalet stor vekt på gode samtalar med borna. Vi tek oss tid til å lytte til borna sine forteljingar, og vi følgjer opp initiativa deira.

For å stimulere språkutviklinga til borna nyttar vi song, rim og regler. Vi oppmuntrar dei også til å "tulle" og leike med språket. Vi fortel eventyr og vi les bøker for borna. I den lokale rammeplanen for Ørstabarnehagen står det at alle born skal bli lest for kvar dag.

Vi legg til rette for å stimulere rolleleiken i barnehagen. I rolleleik vert borna sitt språk utvikla. I leiken bruker dei språket aktivt, der dei uttrykker seg både verbalt og gjennom kroppsspråk.

Vi kan nytte oss av språkgrupper i barnehagen. I ei språkgruppe vil det vere born som treng ekstra språkstimulering, men også born som vil fungere som støtte for gruppa. I ei slik gruppe kan ein fokusere på kvardagsomgrep. Døme frå eit måltid: fat, kopp, brunost, skive m.m og uttrykk frå ein garderobesituasjon: dress, gummistøvlar, hanskar, regnbukse og så vidare.

Vi legg vekt på at borna skal få ei positiv oppleving ved å delta i ei språkgruppe, og at det vil gi dei ei kjensle av meistring.

Vi har gjennom fleire år fått erfaring i å arbeide med å legge til rette for born med eit anna morsmål enn norsk. Vi legg stor vekt på å skape tillit og tryggleik i møte med born og foreldre. Dette er spesielt viktig for dei fleirkulturelle borna, sidan mat, språk, reglar og sosiale kodar hos oss ofte kan vere annleis enn det dei er vande med.

SPRÅKSTIMULERANDE MATERIELL

For å hjelpe born med anna morsmål enn norsk, og for å styrke språkutviklinga til alle borna, nyttar vi ulike arbeidsverkty.

Snakkepakken

Den inneheld mellom anna figurar, forteljingar, spel, songar, rim og reglar som skal fungere som støtte for borna si språkutvikling. Ved bruk av Snakkepakken visualiserer ein innhaldet i til dømes eventyr for borna. Etter at dei vaksne har fortalt eit eventyr, kan borna i etterkant leike innhaldet i det som dei nettopp har høyrte. Dette kan også vere med å handsame inntrykka frå ei samling.



Språkkista

Språkkista er som namnet tilseier ei kiste full av konkretar og spanande materiell som bilete, spel, magnettafle, veiledningshefte og CD med songar, rim og reglar til bruk som eit verkty og ein inspirasjon i det daglege arbeidet med språkstimulering i barnehagen. Språkkista er utarbeida av Nina Inseth Bråthen.

Nelly og Hamza



Ein pedagogisk bokserie laga for innlæring av omgrep og språkutvikling hos born. Bokserien består av 21 spanande forteljingar spesielt utvikla for born i barnehagen. Tema i bøkene er forankra i fagområda i Rammeplan for barnehagen. Nelly og Hamza er to fantasifulle og livlige barnehagebarn som opplever litt av kvart. Dei utforskar former, tal, fargar, kjensler mm

Vi har også interaktiv skjerm med fleire språkstimulerande appar.

Fleirkultur

Heile barnehagen er med på å markere merkedagar og høgtider som er representerte i barnehagen. Avdelingar med fleirkulturelle born har også denne kulturen eller dette landet som tema på avdelinga i løpet av året. Mattradisjon, kultur, musikk, fortellingar og kunnskap kan stå i fokus.